




## Møtebok Hallingdal Ungdomsråd (HUR)

Tid: Tysdag 31. mai 2022, kl. 16.00 – 18.00  
Stad: Gol kommunehus, kommunestyresalen

Nr	Navn	Rolle	Tilstede
1	<b>Arletta Cichon</b>	Gol	x
2	<b>Marita Maurangsnes Johansen</b>	Gol	x
3	<b>Elida Wiken Wilson</b>	Hemsedal	x
4	<b>Kirubel Asghedom Assefaw</b>	Hemsedal	x
5	<b>Amalie Solheim</b>	Hol	x
6	<b>Oddbjørn Kvile Gauteplass</b>	Hol	x
7	<b>Stein Erik Holto Roen</b>	Ål	x
8	<b>Emil Sehl Mørch</b>	Ål	x
9	<b>Bjørn – Egil Tørrisen</b>	Nes	x
10	<b>Ingeborg Sagabråten</b>	Nes	x
11	<b>Nathalie Adriana Haugen Edvardsen</b>	Flå	
12	<b>Trym Vivelid Nilssen</b>	Flå	
13	Linda Dalene Bjerke	Regionrådet for Hallingdal	x
14	Pål Rørby	Ordfører Hemsedal	x
16	Hilde Storeskar	Sekretær Hemsedal Ungdomsråd	



- Sak 10/22**      **Hallingdal Folkehelseforum v/ Magnhild Medgård Skår, sjå vedlegg**  
Arrangement Gøtt liv i Hallingdal, 25. august kl. 09-15 på Ål  
Tema på dagen er sosial bærekraft, helsefremmande stadsutvikling og bu- og blilyst.  
HUR ynskjer å bidra med ein video med kva som er viktig for ungdommen og væra med i paneldebatten.
- Sak 11/22**      **Ungdomskonferanse, bu- og blilyst, v/ Oddbjørn**  
HUR ynskjer å bidra til å skapa bu- og blilyst ved å arrangere samlingar for ungdommen i Hallingdal som startar 2. halvår i 9. klasse og går til og med 2. halvår 10. klasse. Dette for at ungdommen skal bli kjent før dei skal søkje vidaregåande. Det er ikkje ynskjeleg å skapa nye arrangement men å alliere seg med allereie etablerte arrangement som Ung på Vidda, Skjærgård Live, Fårefestivalen, Skøytedag og liknande.  
Det er ikkje ungdomsrådet eller kommunene som arrangerar, men er med å organiserar felles buss til og frå. Viktig at dette går gjennom skulene, FAU. Prate med Skjærgård Live om korleis dei har kobla seg på skulene.  
Ikkje sikkert ein får til seks arrangement dei fyrste åra, men starte med det ein kan.  
**La ungdomsrådene ta ansvar med å kontakte arrangement i sin kommune.**
- Sak 12/22**      **Arbeidsøkt; planlegge felles samling for dei lokale ungdomsråda**  
HUR har komme med ynskjer og satt rammer for dagen. Ynskje om å arrangere denne i veka etter haustferien for dei lokale ungdomsråda og ordførarane for nettverksbygging og trygging i rolla som medlem i ungdomsråd.  
Sekretær for HUR sørger for at dette blir planlagt vidare med Solveig Vestenfor og sekretærene i lokale ungdomsråd samt representantar frå HUR.

### **Orientering**

- Ungdommens fylkesråd v/ Bjørn Egil  
kontaktperson i ungdommens fylkesråd for Hallingdal er Magnus Evenstuen frå Flå. Har vi saker det trengs hjelp til å få gjennom kan desse sendast til Magnus.
- Ung på Vidda på Geilo – info om arrangementet  
Konsertar for ungdommen i alder 13 – 25 år i forbindelse med festivalen Helt på Vidda.  
Rabaterte billetter for ungdom.
- Representantar som går ut av HUR denne våren  
Oddbjørn, Elida, Arletta vart takka av. Marita går kanskje også ut av HUR etter sommaren.
- ID-kontroll hausten 2022  
sekretær organiserer for dette etter sommaren.

Gol 02.06.22  
For leder i HUR  
Linda Dalene Bjerke  
Sekretær

